

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nina Randal	FA - F08	14/2463

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
49/2014	Utval for levekår	PS	04.11.2014

## Løypemelding - Frivilligmelding

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I møte 03.06.2014 gjorde ULK følgjande vedtak:

«Utval for levekår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland. Arbeidsgruppa og mandat blir som skissert under konklusjon. Utval for levekår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosessen. Frivilligmelding vert handsama i kommunestyret innan september 2015.»

#### Vurdering

Arbeidet med å setje ned ei arbeidsgruppe er i gong. Det er peika ut representant frå Fellesrådet og Idrettsrådet. Ungdomsrådet blir etablert i løpet av november der det då vil bli peika ut ein representant til gruppa. Prosessen med å få til eit kulturråd i kommunen blir eventuelt sett i gong etter at saka er behandla i Utval for levekår. Det kan då peikast ut ein representant på vegne av eit kommande Kulturråd. Gruppa vil ha sitt første møte før jul, der ein vil sjå på dømer frå andre kommunar når ein legg opp arbeidsplan og prosessen fram mot ei Frivilligmelding.

I arbeidet med ei frivilligmelding er det nyttig å sjå på andre kommunar som har utarbeidd ei frivilligmelding. Dette for å gjera seg nytte av erfaringar og tema som er diskutert i meldingane. For arbeidsgruppa kan dette være med å spare tid og gje meldinga eit godt fagleg innhald

Det er gått ut brev til alle lag og organisasjonar der ein ber om tilbakemelding om kva aktivitetar laget har, lokalitet og antall medlemmer. Denne informasjonen vil vere samla inn før jul.

I saka vert det vist til St.meld.nr 39 og «Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor» Frivillighet Norge og KS.

Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor 2013-2015, har følgjande overordna prinsipp:

«Overordna prinsipp:

Frivillig sektor er en uavhengig og selvstendig samfunnssektor som plasserer seg mellom næringslivet og offentlig sektor. Frivillig sektor anerkjennes på lik linje med de andre sektorene i samfunnet. Samarbeid og samhandling mellom offentlig og frivillig sektor skal baseres på likeverdig partnerskap,

og gjensidig respekt for hverandres roller.

Frivillig sektor bidrar med store verdier for samfunnet, er samfunnsbyggende og spiller en viktig rolle i den nordiske demokratiske modellen.

Frivillige organisasjoner er viktige for demokratiet ved å være pådrivere og gjennom å være kanaler inn i demokratiet for interessegrupper og engasjerte borgere.

Frivillighet øker samfunnets sosiale kapital ved at tillit, identitet og samhold skapes i møter mellom mennesker.

Mangfoldet i frivillig sektor er en verdi i seg selv og en viktig årsak til høy deltakelse. Mangfoldigheten må ivaretas gjennom ulike typer virkemidler for ulike deler av frivilligheten.

Offentlig og frivillig sektor har ulike, men komplementære roller i samfunnet. Samarbeidet mellom sektorene må bygge på et prinsipp om at frivillig sektor skal supplere og ikke erstatte offentlige tjenester.

Det offentlige skal tilrettelegge for en helhetlig frivillighetspolitikk på alle nivåer, som gir grobunn for en aktiv og voksende frivillig sektor.»

Desse prinsippa legg eit godt fundament for det pågåande arbeidet, og er ei fin ramme for arbeidsgruppa sitt arbeid med meldinga.

#### **Folkehelse**

##### **Miljø**

Ikkje vurdert i saka.

#### **Konklusjon**

Arbeidet med Frivilligmeldinga er i gong, og vil etter kvart som prosessen går fram gje oss eit godt bilete av frivilligheita i Meland kommune.

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek løypemeldinga til orientering.

#### **Utval for levekår - 49/2014**

#### **ULK - behandling:**

Astrid Anne Fjeldstad SP) vart permittert før handsaming av denne saka.

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår tek løypemeldinga til orientering.

